



Ole Bjørn Monsen  
Galtenesvegen 110  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/971 - 17/9085

Saksbehandlar:  
Marianne Aadland Sandvik  
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.  
no

Dato:  
01.06.2017

## Godkjenning - GBNR 19/66 - Løyve til deling av grunneigedom - Dalstø

**Administrativt vedtak. Saknr: 119/2017**

**Tiltakshavar:** Per Leonhard Søfteland og Ole Bjørn Monsen  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4.

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Per Leonhard Søfteland og Ole Bjørn Monsen (heimelshavar) har søkt om løyve til deling av gbnr. 19/66 for oppretting av ny grunneigedom på om lag 52 m<sup>2</sup>, jf. pbl § 20-1 bokstav m).

Den omsøkte eigedomen er matrikkelført med eit areal på om lag 104 m<sup>2</sup>.

Det vert vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 12.4.2017.

### VURDERING:

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla utan merknadar. Administrasjonen vurderer nabovarslinga som tilstrekkeleg, jf. pbl § 21-3 første og andre ledd.

#### Lov- og plangrunnlag:

Oppretting av eigedom er eit «tiltak» etter pbl § 1-6, og søknadspliktig etter §§ 20-4, jf. 20-2, jf. 20-1 bokstav m). Vidare følgjer det av pbl § 26-1 at «[o]pprettelse av ny grunneiendom (...), eller endring av

*eksisterende eiendomsgrenser, må ikke gjøres på en slik måte at det oppstår forhold som strider mot denne lov, forskrift eller plan.»*

Den omsøkte egedomen er uregulert, men er sett av til naust i arealdelen til kommuneplanen (KPA). Ettersom ei deling av grunneigedomen inneber at begge egedomane kan nyttast i samsvar med naustformålet, er ei deling som omsøkt ikkje i strid med gjeldande arealformål, jf. pbl § 26-1.

Administrasjonen gjer merksam på at ei deling av egedomen ikkje inneber at det utan vidare kan byggjast på egedomen. Vi viser i den samanheng til tabell 6 til føresegn 2.1.5 til KPA, som viser at det kan byggjast 2 naust i området innanfor denne planperioden. Vi har ikkje teke stilling til om det kan byggjast på egedomen i denne omgang. Dette vil vi ta stilling til når det eventuelt vert søkt om byggjeløyve. Vi viser i den samanheng også til dei krav KPA stiller til bygging av naust, jf. føresegn 1.6.14 siste punkt til KPA.

#### Parkeringsdekning og tilknytning til infrastruktur:

KPA stiller krav om at nausteigedom med eige gards- og bruksnummer skal vere sikra parkering for minst ein bil, jf. føresegn 1.6.9 tabell 4. Løyve til deling vert gitt på vilkår om at det i samband med oppmålingsforretning vert tinglyst ein rett til parkering med tilhøyrande gangrett over gbnr. 19/5, som vist på erklæring om rett i fast egedom signert 23.5.2017.

Det omsøkte tiltaket har ingen verknad på tilhøva til vass- og avlaupsnett.

#### **VEDTAK:**

*«Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m) søknad om oppretting av ny grunneigedom på om lag 52 m<sup>2</sup>, jf. vedlagte situasjonskart journalført motteke 12.4.2017. Grunngeving for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.*

*Grensene mellom egedomane og nøyaktig storleik på arealet vert fastlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.*

*Løyve til deling vert gitt på vilkår om at det i samband med oppmålingsforretning vert tinglyst rett til parkering for minst ein bil med tilhøyrande gangrett på egedom i nærleiken, og som er knytt til naustparsellen.*

*Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om egedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om egedomsregistrering, jf. pbl § 21-9.»*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan

reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Informasjon fra matrikkel og grunnbok.pdf

**Mottakere:**

Ole Bjørn Monsen	Galtenesvegen 110	5918	FREKHAUG
Per Leonhard Søfteland	Dalstøvegen 54	5918	FREKHAUG